



Arkivsak 200802866-3  
Arkivnr. 027  
Saksh. Engelsvold, Jone

**Saksgang**

Fylkesutvalet

**Møtedato**

23.04.2008

## **OPPRETTING AV REGIONALE FORSKINGSFOND – UTTALE TIL NOREGS FORSKINGSRÅD SI INNSTILLING**

---

### **SAMANDRAG**

Forslaget om oppretting av regionale forskingsfond er del av regionreforma. Det ligg føre ei utgreiing frå Noregs Forskingsråd som no er til eiga høyring. Fonda er meint å styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å støtte opp under regionens prioriterte innsatsområde. Forskingsrådet legg vekt på at fordeling av forskingsmidlar må gjerast på grunnlag av kvalitetsvurdering, og at grunnforskning må forankrast i ein nasjonal og internasjonal kontekst. Dei har foreslått eit detaljert system for vurdering. Vidare vil forskingsrådet medverke til administrasjon av fonda, og dei meiner det ikkje bør etablerast meir enn 5 – 7 fond i Noreg.

Hordaland har svært mange sterke forskingsmiljø. Dette er ein av grunnane til at Noregs forskingsråd har foreslått Hordaland som ein av to mogelege pilotar for utprøving av ordninga med regionale forskingsfond. Arbeidet med VRI programmet – Virkemidlar for Regional Innovasjon er no i gang i Hordaland. Regionale forskingsfond vil på same vis gje rom for auka innsats på nyskaping og innovasjon innan ramma av regionale politiske prioriteringar i fylket.

Saka greier ut hovudinnhald og viktige føresetnader for at etablering av regionale forskingsfond, og ser nærare på kva verknad dei ulike sidene ved forslaget kan ha for Hordaland.

## **FORSLAG TIL VEDTAK**

- 1 Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om oppretting av regionale forskingsfond.
- 2 Etableringa av regionale forskingsfond føreset at staten kjem inn med betydelege friske midlar og at fondet vert fullfinansiert ved oppstart i 2010. Den geografiske inndelinga av fonda må vere identiske med fylkeskommunane/regionane si geografiske inndeling eller vere knytt til frivillig samarbeid mellom fylkeskommunar/regionar. .
- 3 Fylkeskommunane/regionane må få ansvar for administrasjonen av dei regionale forskingsfonda i eit samarbeid med Forskningsrådet sitt regionale apparat.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Innstilling frå Norges Forskningsråd om Regionale Forskingsfond (uprenta)

## **1. BAKGRUNN OG MANDAT**

Forslaget om oppretting av regionale forskingsfond er del av regionreforma. Noregs Forskingsråd fekk i juli 2007 i oppdrag å greie ut oppretting av regionale forskingsfond innanfor eit nokså detaljert mandat frå Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og regional departementet.

### *Stortinget si innstilling*

Utgangspunktet var både Regjeringas Stortingsmelding nr 12. (2006 – 2007) ”Regionale fortrinn – regional framtid” og Stortingsfleirtalet si innstilling i saka, Innst S.nr 166 (2006 – 2007), der det mellom anna er ei slik vurdering av konteksten for dei regionale forskingsfonda:

” Flertallet mener den betydelige innflytelsen regionene gis i næringspolitikken så vel nasjonalt som regionalt gjennom eierskap i Innovasjon Noreg, opprettelsen av regionale forskningsfond, egne regionale utviklingsmidler, muligheten for å opprette regionale utviklingsseksjoner sammen med SIVA samt styrking av den regionale plankompetansen, gir regiontingene grunnlag for å føre bredt anlagte næringspolitiske debatter og vedta gode næringspolitiske strategier”

I utgangspunktet ønskjer Stortinget eit fond per region, men

”dersom antalet regioner blir tilsvarende dagens fylkeskommuner, kan det være aktuelt at enkelte av de regionale fondene dekker mer enn en region, på samme måte som det er lagt til grunn for de regionale innovasjonselskapene”.

### *Del av ein forsterka næringspolitikk*

Stortinget ønskjer at forskingsråda skal vere næringspolitisk instrument som er styrt av representantar oppnemnt både av regionen og representantar oppnemnt av staten. Regionene skal ha fleirtal oppnemne fleirtal, samt ha styreleiar. Stortinget ber vidare om at fonda inngår i den nasjonale forskingspolitikken og at dei vert forankra i regionale og nasjonale strategiar. Det vert føresett eit forpliktande samarbeid med Noregs Forskingsråd. Fonda skal vere operative saman med regionreforma med verknad frå 1 januar 2010.

Stortinget seier ikkje noko om kor store dei regionale forskingsfonda skal vere. Noregs forskingsråd peiker i si utgreiing på at fonda bør gje ei samla årleg avkastning til fordeling på kr. 300 – 400 millionar for heile landet.

Noregs Forskingsråd greier ut og drøftar alle desse sidene ved forslaget til regionale forskingsråd, og gjev i tillegg sine synspunkt på ein del av dei sentrale spørsmåla.

## **2. FORSKINGSPOLITISK MÅL OG ORGANISERING AV TILDELING**

Dei regionale forskingsfonda er meint å auke regional innovasjon og utvikling ved å støtte opp under regionens prioriterte innsatsområde og mobilisere til økt FoU-innsats. Fonda skal møte uttrykte FoU-behov i regionane ved å stø FoU-prosjekt initiert av bedrifter og/eller offentlige verksemdar. Fonda skal også kunne medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø innanfor regionen sine prioriterte område.

### *Nasjonale mål og regionale prioriteringar*

Grunnlaget for tenkinga kring dette er at regionane sjølv har dei de beste føresetnader for å prioritere sine innsatsområde. Det vert peika på at regionale klynger fremmer innovasjon og mobilisering til forskning, men også at nasjonal kunnskapsinfrastruktur må verte utnytta betre for regional mobilisering. Forskingsrådet meiner dessutan at regionale skilnader krev fleksibilitet i organiseringa av fonda.

I utgreiinga har Noregs forskingsråd lagt vekt på korleis det regionale inngår i ein nasjonal samanheng, og korleis dette skal prege grunnlaget for fordeling av forskingsmidlar. Dei legg vekt på forskingsinnsats krev konsentrasjon og langsiktige tidsperspektiv for å gi best effekt. Dei meiner at regionale og nasjonale satsingar må koordineras og at konkurranse, tverrfaglige perspektiv og samarbeid fremmer kvalitet. Vidare peiker dei på at finansiering av ulike formål krev forskjellig saksbehandling.

#### *Krav til kvalitet*

Forskringsrådet understrekar at grunnforskning må vere forankra i ein nasjonal og internasjonal kontekst, og avviser med dette bruken av omgrepet ”regional grunnforskning” som Stortinget nyttar i si innstilling. Dei peiker i staden på behovet for å vere i tråd med den internasjonale kunnskapsfronten gjennom å utvikle eigen forskingskompetanse som konkurrerer nasjonalt om dei beste prosjekta.

Ein konsekvens av dette er etter forskingsrådet si meining at regionale forskingsfond primært bør fokusere på forskning som er relevant for regional innovasjon og utvikling, samt at fonda må kunne støtte langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging innanfor regionen sine prioriterte område. Vidare meiner forskingsrådet at tal fond bør avgrensast og at den totale fondsavkastinga bør verte fordelt til dei regionale fonda etter ein fast fordelingsnøkkel, derav 15-20 % fordelt etter konkurranse mellom fonda ut frå kvalitet i prosjekta og samarbeid mellom fleire regionale fond. Såkalla tidligfase FoU-stønad med fokus på mobilisering bør kunne verte behandla etter kvart og regionalt. Hovudtyngen av midlane, det som er midlar til FoU-prosjekt skal etter forskingsrådet si meining verte tildelt av dei regionale forskingsfonda *etter råd* frå nasjonale ekspertpanel.

### **3. STYRINGSMODELL**

#### *Regionale FoU strategiar*

Forskringsrådet meiner oppretting av regionale forskingsfond føreset at regionane utarbeider samlande FoU strategiar som skal prioritere og gje retning i det regionale FoU arbeidet. Dei legg vekt på at det nyleg etablerte VRI programmet (Virkemidlar for Regional Innovasjon) er ein utprøvsarena for samarbeids- og styringsformer og for arbeidsdeling mellom det nasjonale og det regionale nivået. Her har Hordaland etablert VRI arbeidet med eige styre utgått av Regionalt Næringsforum, og kontaktflata med Noregs forskingsråd er alt etablert gjennom jamlege møter og kvalitetsvurderingar.

#### *Samansetning av styret*

Forskringsrådet foreslår at det vert oppretta eit styre for kvart regionale forskingsfond. I fonda skal regionane oppnemne styreleiar og fleirtalet av representantar i styret. Forskringsrådet, på vegne av staten, bør oppnemne dei resterande styremedlemene. Styret skal utarbeide ein handlingsplan som bør vedtas politisk. Det regionale fondet må ha eit sekretariat som førebur saker til styret, er ansvarleg for søknadshandsaminga og har den løpande kontakten med dei involverte.

#### *Forskringsrådet si rolle i styringa av fonda*

Noregs forskingsråd meiner at omsynet til samspel og koordinering av FoU innsats både regionalt, nasjonalt og internasjonalt krev at forskingsrådet sjølv har ei aktiv rolle i utviklinga av dei regionale forskingsfonda. Hovudprinsippet vil vere at regionane fremjar prosjekt i tråd med eigne prioriteringar. Prosjekta vert deretter vurdert av eit nasjonalt ekspertpanel som Forskringsrådet organiserer. Forskringsrådet hevdar vidare at dei har særleg kompetanse i organisering av slike vurderingsprosessar, og at dei derfor bør ha ei viktig rolle i knytt til sekretariat for ordninga. Norges forskingsråd ønskjer også å koordinere regionale, nasjonale og internasjonale satsingar og prøve ut og godkjenne nye finansieringsordningane i de regionale fonda. Vidare vil forskingsrådet peike ut ein gitt del av styremedlemmene til regionale dei fondsstyra og fasilitere relevante nasjonale læringsarenaer for de regionale forskingsfonda. Kompetansekrava inneber at forskingsrådet sin

regionale representant bør inngå i sekretariatet saman med Innovasjon Noreg og regionen/fylkeskommunen sin administrasjon.

#### 4. DIFFERENSIERTE FINANSIERINGSORDNINGAR

Regionale ulikskap reiser krav til fleksibilitet, og forskingsrådet foreslår derfor ein meny av finansieringsordningar som fonda kan velje blant. Dei er innretta slik at midlar skal kunne kome til nytte på ulike stadium i utvikling av forskingsprosjekt, og har dessutan ulike organisering med omsyn til kven som får mynde til å avgjere tildeling.

Meir førebuande midlar skal kunne avgjerast av styret for dei regionale fonda åleine, medan hovudprosjekt og meir langsiktige kompetanseprosjekt skal følgje prinsippet om nasjonal ekspertvurdering før regional tildeling. Vidare foreslår forskingsrådet ei fordeling med 15-20% av total fondsavkastning ut frå kvalitet i prosjekta og samarbeid mellom fleire regionale fond. Det heile fasilitert av nasjonale ekspertpanel. Det vert også foreslått eit program for auka samarbeid mellom dei ulike regionale forskingsfonda.

#### 5. ORGANISERING OG GJENNOMFØRING

##### *Krav til friske midlar*

Noregs forskingstråd legg vekt på at ordninga med regionale fond må komplettere dei andre eksisterande næringsretta verkemidla, noko som inneber at det vert tilført nye friske midlar til føremålet.

##### *5-7 fond*

Ordninga med regionale forskingsfond er føresett å dekke heile landet. Talet på fond er meint å verte sett i samanheng med talet på regionar. Forskningsrådet meiner likevel at det ikkje bør vere fleire enn 5 – 7 fond, og argumenterer for dette både med krav til kvalitet og med tru om lågare utgifter ved færre fond.

##### *Finansiering*

I samband med iverksetting av programma VRI, ARENA og NCE (Norwegian Centre of Expertise) er det gjort vurdering av behov for FoU prosjektmidlar knytt til FoU for regional utvikling og innovasjon. Basert på desse vurderingane rår forskingsrådet til at fonda samla sett bør gje ei avkastning på kr. 300 – 400 mill NOK årleg. Det på går ei drøfting med KS om ulike fordelingsmodellar mellom regionane alt etter folketal, og her meiner forskingsrådet at 80 – 85 % av fonda bør følgje ein folketalsmodell medan resten vert fordelt etter konkurranse mellom fonda. Forskningsrådet foreslår vidare ein opptrappingsplan for avkastning frå fonda med full finansiering etter 3 år ( i 2012).

##### *Forslag om pilot i Hordaland*

Forskningsrådet meiner at det fram til etableringa av regionale forskingsfond i 2010 bør prøvast ut heile eller delar av ordninga gjennom eit par pilotar.

” En slik utprøving bør administreres som et samarbeid mellom noen utvalgte fylkeskommuner og Forskningsrådet. Nordland og Hordaland fylkeskommuner har vært i dialog med Forskningsrådet og jobber med å utarbeide forslag til dette. Det er derfor naturlig at disse fylkene kan gjennomføre prøveordninger med regionale forskningsfond. Det forutsettes tilførsel av friske midler, størrelsesorden 20 MNOK per år, for denne piloteringen”.

Hordaland fylkeskommune har medverka til ei skisse til ei slik pilotordning, der ein har lagt vekt på at Hordaland med sitt omfattande og differensierte forskingsmiljø er godt egna til å prøve ut heile bredda

av forventningane til regionale forskingsfond innan ramma av regionale politiske prioriteringar. Arbeidet vil bygge på VRI programmet.

## **6. VERKNADER AV FORSLAGET FOR HORDALAND**

Forslaget om oppretting av regionale forskingsfond fører vidare den satsinga som VRI programmet representerer ved at regionane (fylkeskommunen) får ei sterkare rolle i samordninga av forskings- og innovasjonsaktivitet. Dette samspelet mellom forskning og innovasjonsarbeid er på mange vis ei kjerne i regionalt nærings- og utviklingsarbeid. Det er dei nye løysingane som skal gje svar på framtidas utfordringar.

For Hordaland har Regionalt Utviklingsprogram gjennom fleire år sett søkelys på arbeidet med nyskaping og innovasjon, både gjennom dei bransjeretta satsingane og ved fokus på dei bransjefemnande som næringsretta kompetanse, internasjonalisering og innovasjon og entreprenørskap.

Etableringa av regionale forskingsfond vil styrke arbeidet med fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og gje fleire verktøy i arbeidet for eit nyskapande Hordaland.

Forskringsrådet si utgreiing legg stor vekt på regionane som premissleverandør for prioritering av tematisk innretning ovanfor forskinga. Det er likevel eit spørsmål om kor dei viktigaste avgjerslene vil bli fatta. Forskringsrådet foreslår eit omfattande system for ekspertanalyse og kvalitetsvurdering med base i ein nasjonal struktur der dei sjølve har hovudansvaret. Det er viktig å finne fram til ein god balanse mellom regionane sine prioriteringar og forskingsrådet si kvalitetsvurdering.

Fordelinga av tildeling frå forskingsfonda, med forslag om ein nasjonal pott vil svekke den regionale styringa over fondsmidlane, men opnar også for at sterke miljø i vårt fylke kan konkurrere ovanfor andre regionar.

Forskringsrådet ønskjer seg 5 – 7 regionale fond, og argumenterer både med krav til kvalitet og ønskje om ei meir kostnadseffektiv forvaltning. Desse argumenta gjeld på ulikt vis truleg ikkje like sterkt for Hordaland. Her i fylket har vi ein breitt samansett forskingskompetanse som fullt ut vil kunne stette dei kvalitetskrav som forskingsrådet sett. Dessutan har ein i fylket allereie etablerte organ som arbeider med tilrettelegging av slike prosessar både gjennom VRI programmet og i arbeidet med Regionalt Utviklingsprogram. Biletet kan nok så annleis ut i andre delar av landet. Ein ser då også at fylka i arbeidet med VRI programmet nokre stader har vald å samarbeide om ordninga, slik dei også vil kunne finne det føremålstenleg å gjere i samband med administrasjon av regionale forskingsfond.

Utgreiinga om regionale forskingsfond er skriven før Regjeringa la fram sitt siste høyringsnotat om regionreforma. Hordaland vil halde fram som eigen region/fylkeskommune, og er ikkje tent med eit nytt statleg initiert forvaltningsnivå i "forskingsfondregionar" for å løyse ei bestemt oppgåve.

## **9. KONKLUSJON OG TILRÅDING**

Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet presenterte i februar ei uttale om regionale forskingsfond i det årlege møtet med Kommunal- og regionaldepartementet. Denne er slik at Hordaland fylkeskommune i hovudsak bør slutte seg til.

Dei regionale forskingsfonda vil bli eit verdifullt nytt virkemiddel for regionane. Forskringsfonda vil gi regionane betre tilgang på forskning som er viktig for utviklinga i regionane, utført i de best kvalifiserte miljøa regionalt, nasjonalt eller internasjonalt. Forskringsfonda vil på litt lengre sikt styrke utviklinga og oppbygginga av kompetanse i alle deler av landet. Men ein vil også streke under desse viktige momenta:

- **Ordninga må finansieras med betydelege friske midlar**  
Regionale forskingsfond må være eit løft for den samla forskingsinnsatsen i Noreg. Dei økonomiske rammene for ordninga bør minimum være på 400 mill i fondsavkastning pr år.
- **Nasjonal konkurransepott er unødvendig og verkar byråkratiserande**  
Det er viktig å stimulere til samarbeid mellom ulike forskingsfond, men oppretting av ein nasjonal konkurransepott er likevel ikkje ei god løysning. Ressursane skal koplas opp mot øvrige virkemidlar og tiltak for regional utvikling.
- **Fondet må være fullfinansiert ved oppstart**  
Dei regionale fonda må ha 100% avkastning frå dag 1. Forvaltningsreforma trer i kraft frå 2010 og da må oppgåvene, ansvaret og den totale økonomien være på plass.
- **Regionane må leie sekretariata**  
Forskingsrådet foreslår at sekretariata består av Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og regionane sin administrasjon. Ein vil streke under at sekretariata må ha ein ansvarlig person som leiar, og at denne bør komme frå regionen/fylkeskommunen. Sekretariatet kan gjerne også bestå av fagpersonar frå Forskingsrådet og Innovasjon Norge.
- **Inndeling i fondsregionar**  
Hordaland fylkeskommune ser at det kan vere naudsynt for enkelte fylke å samarbeide om oppretting og drifta av regionale forskingsfond. Ein vurderer det likevel slik at Hordaland skal ha sitt eige regionale forskingsfond.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK**

- 1 Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om oppretting av regionale forskingsfond.
- 2 Etableringa av regionale forskingsfond føreset at staten kjem inn med betydelege friske midlar og at fondet vert fullfinansiert ved oppstart i 2010. Den geografiske inndelinga av fonda må vere identiske med fylkeskommunane/regionane si geografiske inndeling eller vere knytt til frivillig samarbeid mellom fylkeskommunar/regionar. .
- 3 *Fylkeskommunane/regionane må få ansvar for administrasjonen av dei regionale forskingsfonda i eit samarbeid med Forskingsrådet sitt regionale apparat.*